

BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN FOR SKODJE KOMMUNE 2012-2015



INNHALD

1	INNLEIING	4
1.1	Bakgrunn, mandat og gjennomføring av arbeidet	4
1.2	Begrepsavklaring	5
1.3	Nasjonale føringar	6
1.3.1	<i>Nasjonale mål, strategiar og utfordringar</i>	6
1.3.2	<i>Lovgrunnlag</i>	8
2	LOKALE FØRINGAR	10
2.1	Bustadsosial handlingsplan sett i samanheng med andre planar	10
2.1.1	<i>Kommuneplan 2007-2017</i>	10
2.1.2	<i>Økonomiplan 2011-2014</i>	10
2.1.3	<i>Omsorgsplan 2007-2016</i>	10
2.1.4	<i>Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2011-2012</i>	10
2.1.5	<i>Psykatriplan 2007-2010</i>	10
2.1.6	<i>Tildeling av kommunal bustad</i>	11
3	ØKONOMISKE VERKEMIDDEL	12
3.1	Bustønad	12
3.1.1	<i>Formål</i>	12
3.1.2	<i>Kriterie</i>	12
3.1.3	<i>Utfordringar</i>	12
3.2	Startlån	12
3.2.1	<i>Formål</i>	12
3.2.2	<i>Kriterie</i>	12
3.2.3	<i>Utfordringar</i>	12
3.3	Grunnlån	12
3.3.1	<i>Formål</i>	13
3.3.2	<i>Kriterie</i>	13
3.3.3	<i>Utfordringar</i>	13
3.4	Bustadtilskott	13
3.4.1	<i>Formål</i>	13
3.4.2	<i>Kriterie</i>	13
3.4.3	<i>Utfordringar</i>	13
4	VANSKELEGSTILTE PÅ BUSTADMARKNADEN I SKODJE KOMMUNE	14
4.1	Vanskelegstilt ungdom i etableringsfasa	14
4.1.1	<i>Beskriving av målgruppa</i>	14
4.1.2	<i>Dagens tiltak</i>	14
4.1.3	<i>Utfordringar</i>	15
4.2	Sosialt og økonomisk vanskelegstilte	15
4.2.1	<i>Beskriving av målgruppa</i>	15
4.2.2	<i>Dagens tiltak</i>	15
4.2.3	<i>Utfordringar</i>	15
4.3	Menneske med psykisk sjukdom og/eller rusmiddelmisbruk	15
4.3.1	<i>Beskriving av målgruppa</i>	15
4.3.2	<i>Dagens tiltak</i>	16
4.3.3	<i>Utfordringar</i>	16
4.4	Flyktningar	16

4.4.1	<i>Beskriving av målgruppa</i>	16
4.4.2	<i>Dagens tiltak</i>	16
4.4.3	<i>Utfordringar</i>	16
4.5	Fysisk funksjonshemma	16
4.5.1	<i>Beskriving av målgruppa</i>	16
4.5.2	<i>Dagens tiltak</i>	17
4.5.3	<i>Utfordringar</i>	17
4.6	Utviklingshemma	17
4.6.1	<i>Beskriving av målgruppa</i>	17
4.6.2	<i>Dagens tiltak</i>	17
4.6.3	<i>Utfordringar</i>	17
5	STATUS OG DRØFTING AV ULIKE BEHOV	19
5.1	Folketalsutvikling	19
5.2	Oversikt over kommunale bustader i Skodje	20
5.3	Den private bustadmarknaden	21
5.4	Utbyggingsområde	21
5.5	Behovet for dei ulike målgruppene i kommunen	21
5.5.1	<i>Vanskelegstilt ungdom i etableringsfasen</i>	21
5.5.2	<i>Eldre og fysisk funksjonshemma</i>	22
5.5.2.1	<i>Det er behov for bustader i bukollektiv</i>	22
5.5.2.2	<i>Plassar i interkommunalt samarbeid</i>	22
5.5.3	<i>Utviklingshemma</i>	22
5.5.3.1	<i>Yngre utviklingshemma</i>	22
5.5.3.2	<i>Eldre utviklingshemma</i>	23
5.5.4	<i>Personar med rusmiddelmissbruk og/eller psykisk sjukdom</i>	23
6	TEMAPLANEN SITT INNSPEL TIL BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN.....	25
	KJELDER.....	28

1 INNLEIING

1.1 Bakgrunn, mandat og gjennomføring av arbeidet

Ein bustadsosial handlingsplan er ein plan som omhandlar bustader og butiltak for dei gruppene i befolkningen som har vanskar med å skaffe seg eller behalde ein tilfredsstillande bustad på eiga hand. Dette kan vere (www.husbanken.no):

- Vanskelegstilt ungdom i etableringsfasen
- Rusmisbrukarar
- Personar med psykisk sjukdom
- Økonomisk og sosialt vanskelegstilte
- Flyktingar
- Fysisk funksjonshemma
- Utviklingshemma

Dette er ei rullering av bustadsosial handlingsplan for Skodje kommune. Gjeldande planperiode er 2009 til 2012, vedteken i kommunestyret 16.06.09. Denne planen skal vedtakast for perioden 2012 til 2015. Planen skal evaluerast i samsvar med rutiner for planstrategi i Skodje kommune. Planen er ikkje ein kommunedelplan jfr. plan og bygningsloven, men ein temaplan, altså eit informasjons- og styringsdokument for alle impliserte partar.

Arbeidet starta med eit planprogram for rulleringa, som vart vedteken i kommunestyret 31.5.11 sak 21/11. Planprogrammet fastsette ein del føringar for planen. Det skulle takast omsyn til mellom anna kartlegging og utbyggingsbehov, utbyggingsområde, vurdering av ulike driftsformer og ulike tilskotsordningar.

I planarbeidet har følgjande arbeidsgruppe vore oppnemnt:

Camilla Almås, rådgivar helse, sosial og omsorg (sakshandsamar for planen)
Arnhild Skjeggstad, psykiatrisk sjukepleiar
Kari Tidemann, einingsleiar Prestemarka
Edith Eidheim, rettleiar NAV Storfjorden

Andre ressurspersonar i arbeidet har vore:

May Britt Haugen, sakshandsamar startlån
Rigmor Lid, sekretær teknisk
Bitten Kvilekval, leiar servicekontoret
Ingunn Stette, planleggjar
Nils Holten, byggansvarleg
Frode Helland, teknisk sjef
Erna Kverneng Knudsen, einingsleiar heimebasert omsorg og Skodje omsorgssenter
Lene Solheim, einingsleiar Storfjorden barnevern
Øystein Molvær, tidlegare flyktingkonsulent

Arbeidsgruppa har hatt jamlege møte frå april til september. I tillegg har det vore dialog med ressurspersonar og einingsleiarar om behov og mulegheiter. To i arbeidsgruppa har delteke på ein konferanse om bustadsosialt arbeid i regi av fylkesmannen i Møre og Romsdal. Undervegs

i planprosessen vart det bestemt at det ikkje skulle lagast ei prioritert liste når det gjeld tiltak, men at tiltaka som vert foreslått skal innarbeidast i rutinar, budsjett og økonomiplan undervegs i planperioden.

Bustadsosial handlingsplan for Skodje kommune skal vere ei rettesnor slik at dei som ikkje kan skaffe seg bustad sjølv får hjelp til det. Den skal gje eit godt vedtaksgrunnlag for tilpassing og utvikling av det bustadsosiale arbeidet i kommunen.

Planen skal:

- omsetje målsetjingar i kommuneplanen til handling
- omsetje nasjonale målsetjingar for bustadsosialt arbeid til lokal praksis
- avklare driftsøkonomiske konsekvensar og framtidige behov
- avklare behovet for nyetablering i planperioden
- avklare lokaliseringsbehov for nye bustader

1.2 Begrepsavklaring

Bustadsosialt arbeid:

Summen av verkemiddel og tiltak som kommunen iverkset for å auke einskildpersonar og familiar si forutsetning til sjølv å meistre sitt buforhold. Dette gjer ein ved bruk av kunnskap og lovverk frå ulike sektorar og fagfelt.

Vanskelegstilte på bustadmarknaden:

Enkeltindivid i befolkninga som har vanskar med å skaffe seg eller behalde tilfredsstillande bustad på eiga hand.

Rimelege bustader:

Bustader med enkel og nøktern standard som ikkje kostar mykje å leige eller eige. Økonomisk vanskelegstilte må likevel ofte nytte seg av bustøynadsordningar for å ha råd til å leige ein slik bustad.

Sjølvstendige bustader:

Bustader som inneheld alle sentrale bustadfunksjonar. Husbankens minstestandard for ordinære bustader krev i praksis normalt minimum 55 kvm.

Fellesskapsbustader:

Grupper med bustader der den private bueininga ikkje inneheld alle funksjonar som Husbanken sin minstestandard forutset for ein bustad. Her er fellesareal for å kompensere for det. Bufellesskap og bukollektiv er to ulike typer fellesskapsbustader.

a) Bufellesskap:

Ei gruppe bustader kor den private delen er forholdsvis sjølvstendig, med areal mellom 40 og 55 kvm. Den private delen har som oftast to rom som gjev mulegheit for ein viss grad av sjølvstendig liv og hushaldning. Bufellesskap kan planleggast med private bueiningar for ein – eller topersons husstand og for privat og/eller felles hushaldning.

b) Bukollektiv:

Ei gruppe bustader med nokre mindre einingar, areal under 40 kvm. Det anbefalast at dei har over 30 kvm for å kunne skilje mellom stuesone og soveromssone. Buform som berre anbefalast til personar som treng mykje omsorg og bistand frå fast

personale. Dei fleste aktivitetane vil foregå i fellesareala, mellom anna felles måltid.
Døme: bukollektivet på Skodje omsorgssenter.

Samlokaliserte bustader:

To eller fleire bustader som er lokalisert i umiddelbar nærleik til kvarandre. Kvar bustad er fullstendig bustad med kjøkken, soverom, stove og bad. Kan ha fellesareal. Døme: Prestemarka.

Omsorgsbustad:

I følge Husbanken sine krav ved tilskudd vert det stilt to funksjonskrav til ein omsorgsbustad:

1. Arealet skal vere stort nok til at ein person kan bruke ein liten manuell rullestol inne i stova, kjøkkenet, eitt soverom og badet.
2. Pleie- og omsorgstilbod skal vere tilgjengeleg heile døgnet i rimeleg nærleik, til dømes er det nok at kommunen har ei nattpatrulje.

Når det gjeld punkt 2 bør ein merke seg at bustadtypen i seg sjølv ikkje gjev tilgong til eit større pleie- og omsorgstilbod. Bebuar får tildelt tenester på likt grunnlag som heimebuande personar.

Omsorgsbustader kan vere utforma som sjølvstendige bustader, samlokaliserte bustader og fellesskapsbustader. Bustadstandarden er ikkje tilstrekkeleg for personar som treng større hjelpemiddel (til dømes elektrisk rullestol) og/eller har store pleie- og omsorgsbehov tilsvarande sjukeheimsnivå.

I Skodje kommune har vi omsorgsbustader i Vangen.

Tilrettelagt bustad:

Bustader tilpassa funksjons- og bevegelseshemma. Bustaden er tilrettelagt både innvendig og utvendig med tanke på tilkomst. Brukast som felles betegnelse for bustader med og uten finansiering med midlar frå Husbanken.

Universell utforming (uu):

Ein strategi for utforming av produkt og omgivelser på ein slik måte at dei kan brukast av alle menneske, i så stor utstrekning som muleg, utan behov for tilpassing og ei spesiell utforming. Hovudløysinga skal altså imøtekome alle brukarbehov, og det handlar både om bustaden sine innvendige og utvendige eigenskaper.

1.3 Nasjonale føringar

1.3.1 Nasjonale mål, strategiar og utfordringar

Regjeringa sin overordna visjon for bustadpolitikken er at:

"Alle skal kunne bu godt og trygt".

For å oppnå dette har ein følgjande hovudmål og strategiar:

- Tilrettelegge for ein velfungerande bustadmarknad
- Skaffe bustader til vanskelegstilte på bustadmarknaden
- Auke antallet miljøvennlege og universelt utforma bustader og buområde.

Kva er ein god bustad?

Det avhenger av ein rekke eigenskaper ved bustaden og buområdet og av bebuarens eigne preferansar. Ein god bustad skal som minimum dekke bebuarens grunnleggande behov for

tryggleik for liv og helse, for personleg hygiene og kvile. I takt med velferdsauken har val av bustad blitt eit synleg symbol for val av identitet, kultur og ønske om tilhørighet (St.meld. 23 2003-2004). Ein god bustad har godt inneklima, nok plass, tilgong til grøntareal og rekreasjonsområder og er skåna for ytre forurensing (Grønningsæter og Nilsen 2011).

Å eige sin eigen bustad

I Norge eig om lag 75% av innbyggerane sin eigen bustad. Det har vore ein bevisst politikk her i landet at flest muleg skal kunne eige sin eigen bustad. Tilsvarande leiger 25% av hushaldningane og dei fleste utleigebustadene vert eigd av private. Andre eigarar er mellom anna kommunane og desse bustadene blir disponert til sosiale utleigebustader til eldre og vanskelegstilte personar.

Auka bustadpriser

For dei fleste eigarar har bukostnadene vore negative dei seinare år som følge av den store prisauka på bustader. Det har og vorte vanskelegare å etablere seg i eigen bustad for folk med liten egenkapital og lav eller usikker inntekt. Boutgiftsbelastninga, det vil seie tilhøvet mellom boutgifter og inntekter, er størst for unge, einslege og einslege forsørgarar, for dei som bur i pressområder og for dei som leiger. Minst belastning har eldre og par med og utan barn, som bur i eigd bustad i distrikta (St.meld. 23 2003-2004).

Regjeringa legg vekt på å føre ein økonomisk politikk som sikrar stabile, lave renter. Ein slik politikk sikrar ei stabil utvikling i bustadmarknadene, dempa risiko for aktørane og stabil, høg sysselsetting. Stabil høg sysselsetting sikrar folk si arbeidsinntekt slik at dei kan ivareta eigne buutgifter (St.meld 23 2003-2004).

Aukande andel eldre

Antall eldre over 66 år vil doblast frå 2002 til 2050. Endring i levealder, helsetilstand og sjukdomsbilete kan bety at det for fleire enn i dag kan vere aktuelt å bli buande heime i eigen bustad dersom denne er tilrettelagt (St.meld. 23 2003-2004).

Tabellen syner befolkningsframskriving fordelt på alder for Skodje kommune basert på middels vekst. Skodje har ei ganske ung befolkning, og eldrebølga slår til for fullt ganske seint i Skodje. Først omkring 2020 for dei over 67 år, og frå 2025, og særlig fra 2030 for dei over 80 år.

	2011	2015	2020	2025	2030
0-5 år	365	401	445	489	504
6-12 år	408	449	541	564	613
13-15 år	175	196	198	243	254
16-19 år	239	257	262	310	332
20-44 år	1324	1483	1671	1800	1896
45-66 år	1135	1223	1275	1368	1477
67-79 år	277	351	501	584	615
80 år eller eldre	156	156	156	183	279
Sum	4079	4516	5049	5541	5970

(www.ssb.no)

1.3.2 Lovgrunnlag

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester (trer i kraft 1.1.12):

”§ 3-7 Boliger til vanskeligstilte.

Kommunen skal medvirke til å skaffe boliger til personer som ikkje selv kan ivareta sine interesser på boligmarkedet, herunder bustad med særlig tilpassing og med hjelpe- og vernetiltak for dem som trenger det på grunn av alder, funksjonshemming eller av andre årsaker. ”

Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen:

”Kapittel 3, § 15. Bustader til vanskelegstilte:

Kommunen i arbeids- og velferdsforvaltninga skal medvirke til å skaffe bustader til vanskelegstilte personer som ikkje sjølv kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden.”

”Kapittel 3, §12 Informasjon og generell forebyggende virksomhet

Kommunen skal gjøre seg kjent med innbyggernes levekår, vie spesiell oppmerksomhet til trekk ved utviklingen som kan skape eller opprettholde sosiale problemer, og søke å finne tiltak som kan forebygge slike problemer.

Kommunen skal søke å legge forholdene til rette for å utvikle og styrke sosialt fellesskap og solidaritet i nærmiljøet.

Kommunen skal spre kunnskap om sosiale forhold og tjenester i kommunen.”

”Kapittel 4, § 27. Midlertidig butilbod

Kommunen er forpliktet til å finne midlertidig botilbod for dem som ikkje klarer det selv.”

Lov om folkehelsearbeid (trer i kraft frå 1.1.12):

”§ 4 Kommunens ansvar for folkehelsearbeid

Kommunen skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, bidra til utjevning av sosiale helseforskjeller og bidra til å beskytte befolkningen mot faktorer som kan ha negativ innvirkning på helsen.”

”§7 Folkehelsetiltak

Kommunen skal iverksette nødvendige tiltak for å møte kommunens folkehelseutfordringer, jf. §5. Dette kan blant annet omfatte tiltak knyttet til oppvekst og levekårsforhold som bolig, utdanning, arbeid og inntekt, fysiske og sosiale miljøer, fysisk aktivitet, ernæring, skalder og ulykker, tobakksbruk og alkohol- og annen rusmiddelbruk.”

OPPSUMMERING KAP. 1

- *Bustadsosialt arbeid er summen av verkemiddel og tiltak som kommunen iverkset for å auke einskildpersonar og familiar si forutsetning til sjølv å meistre sitt buforhold. Dette gjer ein ved bruk av kunnskap og lovverk frå ulike sektorar og fagfelt.*
- *Regjeringa sin overordna visjon for bustadpolitikken er at alle skal kunne bu godt og trygt. For å oppnå det må kommunen:*
 - *Tilrettelegge for ein velfungerande bustadmarknad*
 - *Skaffe bustader til vanskelegstilte på bustadmarknaden*
 - *Auke antallet miljøvennlege og universelt utforma bustader og buområde*
- *Kommunen har plikt til å medvirke til å skaffe bustader til personar som ikkje sjølv kan ivareta sine interesse på bustadmarknaden*

2 LOKALE FØRINGAR

2.1 Bustadsosial handlingsplan sett i samanheng med andre planar

2.1.1 Kommuneplan 2007-2017

Det er ikkje knytt overordna føringar om bustadsosialt arbeid til samfunnsdelen av kommuneplanen. I kommuneplanens arealdel er det sett av areal til kommunale formål, som mellom anna skal ivareta behovet kommunen har for bustader til ulike målgruppe.

2.1.2 Økonomiplan 2011-2014

”Nye omsorgsbustader: det er stort behov for fleire omsorgsbustader. Rådmannen ser for seg ei total investeringsramme på 8 millionar kroner over ei periode på 3 år i perioden 2011-2013. Investeringsramma for 2011 og 2012 blir då 2 millionar kroner årleg og 2013 på 4 millionar kroner.”

”Startlån: rådmannen foreslår at Skodje kommune tar opp lån i Husbanken til vidare utlån (startlån) med kr. 3.000.000 kvart år i planperioden.”

2.1.3 Omsorgsplan 2007-2016

Det som er nemnt om bustader er:

”Ei gradvis nedtrapping av Grushola frå ti til seks brukarar. Samle brukarane slik at dei ikkje er spreidd som no.”

2.1.4 Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2011-2012

Ruspolitisk handlingsplan beskriv at

”for mange rusmisbrukarar er bustadsituasjonen svært prekær, og mellombelse løysingar gjer livssituasjonen ustabil..... For å kome i behandling på institusjon krevst det at vedkomande har bustad, noko som ikkje alltid er tilfelle og her har kommunen eit ansvar. Jo tidlegare ein rusmisbrukar får hjelp med dei ytre rammene, desto større sjanse for at vedkomande kjem seg ut av misbruket. Det manglar per i dag mellom 10 og 15 bustader i Skodje kommune, der 3 bustader skal byggjast no og stå klar i 2011.”

Planen foreslår bygging av 10 nye bustader i perioden 2012-2015, med ein kostnad på 16 millionar kroner.

2.1.5 Psykiatriplan 2007-2010

”Økonomisk rettleiing: alle brukarar som treng økonomisk råd og rettleiing får det ved Sosialkontoret eller Trygdekontoret (i 2011 er dette ei oppgåve som ligg til NAV).”

”Bustad: kommunen har ikkje eigne bustader for menneske med psykiske lidningar, men fleire brukarar bur i vanlege kommunale trygdebustader. 3-4 av dei dårlegast fungerande brukarane bør snart få eigne bustader med personale tilgjengeleg deler av døgnet. Ein miljøarbeidar trengs til å aktivisere og øve på butrening, økonomi, kosthald osv.”

Planane som er nemnd i 2.1.1-2.1.5 viser til ulike sider ved det bustadsosiale arbeidet. Dei konkrete forslaga syner behov for fleire bustader, oppfølging i bustad, samt å behalde ramma

for startlån. I denne planen tek ein med seg desse forslaga og tilpassar dei som er aktuelle til dagens situasjon.

2.1.6 Tildeling av kommunal bustad

I samband med utarbeiding av bustadsosial handlingsplan 2007-2010 vart det utarbeidd ei prosedyrehandbok. Her er kriteria for tildeling av kommunal bustad beskrive, herunder korleis arbeidet i tildelingsnemnda for bustader skal foregå, korleis bruken av ulike støtteordningar skal vere osv.

Kort kan ein seie at tildeling av bustad foregår slik:

- Det er fortløpande tildeling av kommunal bustad etter kvart som det blir ledig.
- Ledig bustad vert utlyst med ein søknadsfrist.
- Alle kan søke om kommunal bustad.
- Tildeling av bustad foregår i tildelingsnemnda.
- Kriteria for tildeling finnast i prosedyrehandboka.
- Det må skiljast mellom tildeling av bustad og tildeling av tenester.

Det er fleire søkarar enn bustader når det vert lyst ut ledige bustader.

For å kunne søkje på bustad, skal ein vere over 18 år (unntak dersom søkjar har dagleg omsorg for barn, eller det ligg føre andre særskilde forhold) og hatt butid i Skodje kommune dei siste to åra. Søkjar må vere utan fast bopel eller eigna bustad, og/eller vere ute av stand til å skaffe seg alternativ bustad sjølv.

Ved søknad om bustad der noverande bustad er ueigna grunna manglande tilrettelegging, må søkjar dokumentere at andre ordningar er vurdert eller forsøkt, som til dømes Husbanken sine låne- og tilskotsordningar.

Søkjarar til trygde- og omsorgsbustad som siste to åra har overdrege bustad eller annan formue som gåve/sal/forskot på arv, får som hovudregel avslag på søknaden.

OPPSUMMERING KAP. 2

- *Bustadsosialt arbeid er nemnt i fleire av kommunen sine planar. Planane peikar på behov for fleire bustader, oppfølging i bustad, samt å behalde ramma for startlån*
- *Tildeling av kommunal bustad foregår i tildelingsnemnda. Det finnast ei eiga prosedyrehandbok med beskriving av kriterie for tildeling, korleis arbeidet i nemnda skal foregå og korleis bruken av ulike støtteordningar skal vere*

3 ØKONOMISKE VERKEMIDDEL

Informasjonen i dette kapittelet er henta frå www.husbanken.no og Skodje kommune si prosedyrehandbok.

3.1 Bustønad

3.1.1 Formål

Bustønad er det største, viktigaste og mest målretta bustadøkonomiske verkemiddelet for å sikre bustader til vanskelegstilte på bustadmarknaden. I 2010 fekk 149 717 husstander i Norge bustønad ein eller fleire gonger. I Skodje fekk i snitt 75,5 husstander bustønad kvar måned i 2010, medan 2,75 fekk avslag.

3.1.2 Kriterie

Bustøtte er ein rettighetsbasert ytelse tiltenkt husstander med lav inntekt og høge buutgifter. Alle over 18 år kan ha rett på bustønad, untatt studentar utan barn og personar i førstegongsteneste. Ordninga vert forvalta av Husbanken, men det er kommunene som er sakshandsamar og som har all kontakt med søkerane.

3.1.3 Utfordringar

Det er alltid behov for nok og relevant informasjon ut i einingane og til brukarane. Dette må det arbeidast kontinuerleg med.

3.2 Startlån

3.2.1 Formål

Startlån er ei låneordning for dei som slit med å etablere seg på bustadmarknaden eller har vanskar med å bli buande i bustaden sin. Lånet kan verte gjeve som topp- eller fullfinansiering ved kjøp av bustad, toppfinansiering av ny bustad, utbetring av bustad eller til refinansiering av lån slik at låntakar kan bli buande i bustaden sin.

3.2.2 Kriterie

Førstegongsetablerarar, barnefamiliar, flyktningar og andre vanskelegstilte kan søkje om startlån. Søkarar må ha sjekka kva dei kan få i lån i privat bank og må ha økonomi til å betene lånet. Skodje kommune har eigne interne retningslinjer for tildeling av startlån, jfr. prosedyrehandboka.

3.2.3 Utfordringar

Den store byggeaktiviteten som er i kommunen gjer at det er behov for å auke innlånsramma til kommunen. Det er og behov for relevant og nok informasjon til brukarar og internt i organisasjonen.

3.3 Grunnlån

3.3.1 Formål

Grunnlånet kan nyttast til å byggje nye bustader, utbetring av bustader, ombygging av bygningar til bustader, og kjøp av nye og brukte utleigebustader for prioriterte grupper.

3.3.2 Kriterie

Det blir stilt krav til kvalitet, miljø og universell utforming for å få grunnlån. Ein søker hos Husbankens regionkontor.

3.3.3 Utfordringar

Informasjon om dette til brukarar og internt i organisasjonen.

3.4 Bustadtilskott

3.4.1 Formål

Husbanken gir ulike former for tilskot retta mot privatpersonar, kommunar og andre grupper. Tilskot til privatpersonar kan bli gitt til etablering og tilpassing og skal bidra til å skaffe og sikre eigna bustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Det kan nyttast til delfinansiering ved kjøp av bustad, refinansiering av lån og tilpasning av bustaden. Kommunane har ulike typer tilskot dei kan benytte seg av, mellom anna investeringstilskot til sjukeheim og omsorgsbustader, kompetansetilskot og tilskot til utleigebustader.

3.4.2 Kriterie

For at ein kommune skal få tildelt bustadtilskot må det vere utarbeidd bustadsosial handlingsplan eller anna relevant planverk som inneheld kartlegging av bustadsosiale utfordringar i kommunen og plan for løysing. Kommunen må og dokumentere at prosjekta vil bidra til vekst av eigna kommunalt disponerte utleigebustader og vise korleis tiltaket bidreg til ei meir formålstenlig bustadmasse.

3.4.3 Utfordringar

Tilskotsramma heng saman med storleiken på innlån av startlån. Det er viktig å søke Husbanken om rett ramme. God og nok informasjon om dette til brukarar og internt i organisasjonen.

OPPSUMMERING KAP. 3

- *Det er behov for nok og relevant informasjon om bustønad, startlån, grunnlån og bustadtilskott til brukarar og internt i organisasjonen*
- *Det er behov for å auke innlånsramma for startlån*

4 VANSKELEGSTILTE PÅ BUSTADMARKNADEN I SKODJE KOMMUNE

Følgjande grupper med vanskelegstilte på bustadmarknaden er teke med i denne planen:

- Vanskelegstilt ungdom i etableringsfasa
- Økonomisk og sosialt vanskelegstilte
- Menneske med psykisk sjukdom og/eller rusmiddelmissbruk
- Flyktingar
- Fysisk funksjonshemma
- Utviklingshemma

Uavhengig av om desse bur i bustad med eller utan bemanning får den einskilde bebuar tildelt omsorgstenester etter behov. Slike omsorgstenester kan omfatte heimesjukepleie, psykisk helsearbeid, miljøterapi, praktisk bistand og opplæring og bistand frå ambulerande team (spesialisthelsetenesta). Tenestene vert tildelt den einskilde etter søknad. Det vert gjort ei individuell vurdering og tenestene blir spesifisert i forvaltningsvedtak som seier noko om tenestetypa, tidsrom og personalmengde. Det er klagerett på tenestevedtak.

Vidare vil det bli gitt ei utdjuing av gruppene etter følgande punkt:

1. Beskriving av målgruppa
2. Eventuelle tiltak slik dei fungerer i dag
3. Utfordringar og behov arbeidsgruppa ser for komande planperiode

4.1 Vanskelegstilt ungdom i etableringsfasa

4.1.1 *Beskriving av målgruppa*

Dette er ei samansett gruppe som består av mellom anna:

- Ungdom med sammensatte hjelpebehov som av ulike årsaker ikkje kan bu heime. I slike tilfelle er det ikkje alltid fosterheim eller institusjon som er den beste løysinga.
- Ungdom som er plassert i fosterheim eller institusjon og som gradvis skal etablerast i eigen bolig.
- Ungdom som har behov for å flytte i eiga leilighet på grunn av omsorgssituasjonen og som det ikkje lukkast å finne eigna fosterheim til eller som ikkje fyller kriterier for plassering i institusjon (kan vere frå 16 års alder).
- Familiar der mellombels avbrekk mellom foreldre og ungdom er riktig tiltak for å arbeide med relasjonen mellom ungdommen og foreldra (i slike tilfelle skal ungdommen ha tett oppfølging).
- Unge foreldre som ikkje har midlar til å leige/kjøpe på den opne marknaden

4.1.2 *Dagens tiltak*

Institusjonsplassering for ein kortare periode vert ofte nytta. Dette er kostnadskrevjande, og kan skape uheldige konsekvensar då det på desse institusjonane ofte bur ungdom med andre utfordringar som påverkar negativt.

Kommunen leiger på den private marknaden, til marknadspris, gjerne utanfor kommunen. Det blir kjøpt tenester frå private konsulentar eller statlege tenester for oppfølging av desse ungdommane. Det kan óg ved enkelte høve leigast på privat marknad hos familiar som også følgjer opp ungdommane etter definert mandat.

Heimebasert omsorg kan ved enkelte høve gi oppfølging i helg av brukarar med behov for døgnbasert tilsyn, dei må då leige inn ekstra personale til dette.

4.1.3 Utfordringar

Dette er ungdom som ikkje får leige på den private marknaden og som har behov for tilsyn og oppfølging i bustaden i ulik grad.

Det er behov for leilegheiter til disposisjon for vanskelegstilt ungdom.

Det er behov for leilegheiter til disposisjon for småbarnsfamiliar som står utan bustad.

Behovet for leilegheiter vil variere frå år til år.

4.2 Sosialt og økonomisk vanskelegstilte

4.2.1 Beskriving av målgruppa

Økonomisk og sosialt vanskelegstilte kan ha behov for ein rimeleg ordinær bustad utan oppfølging i bustad. Det kan vere behov for økonomisk rettleiing og styring.

I 2010 var det 80 mottakarar av økonomisk sosialhjelp over kortare eller lengre periodar. Av desse er hovedtyngda av brukarane mellom 22 og 44 år, noko som er uforandra frå 2009.

4.2.2 Dagens tiltak

Personar i målgruppa kan søkje om omsorgsbustad i Vangen når det er noko ledig der, men personar i denne gruppa finn ein ofte på den private marknaden.

NAV Storfjorden gjev rettleiing i personleg økonomi.

Andre aktuelle verkemiddel er bustønad og bruk av dei ulike låneordningane i Husbanken.

4.2.3 Utfordringar

Nok informasjon om dei ulike mulegheitene som fins for stønad og rettleiing.

4.3 Menneske med psykisk sjukdom og/eller rusmiddelmissbruk

4.3.1 Beskriving av målgruppa

Mange av innbyggjarane i kommunen som har rusmiddel- eller psykiske vanskar syner seg å ha behov for samansette og koordinerte tenester frå det kommunale hjelpeapparatet.

Det syner seg at det er ei stabil gruppe av einslege menn med samansette hjelpebehov som står utan eigen bustad. Desse bur i stor grad heime hos pårørande og viser grad av ustabilitet i livet sitt. Gruppa er ustabil i antal og det foregår noko flytting mellom nabokommunane.

Hjelpeapparatet ser også ei auke i talet på unge jenter som lever ustabilt, gjerne med rusmiddelproblematikk. Fellesnemnaren når det gjeld bustad er at dette er ei gruppe som står utan bustad og dermed utan høve til å etablere seg og bygge stabilitet i livet.

Stabile, gode butilhøve vil ofte vere føresetnad for at vanskelegstilte skal kunne lukkast i samfunnet. I familiar med born vil dette vere grunnleggande for at borna skal utvikle relasjonar og få venner. At familien har bustad vil lette adgangen til arbeid og aktivitet for foreldra.

Det å vere vanskelegstilt er ikkje alltid ein permanent tilstand. Personlege og økonomiske utfordringar kan bidra til midlertidig eller varig evne til å eige bustad. I følgje Byggforsk er 60 % av dei bustadlause rusmiddelmissbrukarar.

4.3.2 Dagens tiltak

Kommunen disponerer 3 bustader som er øymerka for personar med rusmiddelmissbruk og/eller psykisk sjukdom.

NAV Storfjorden gjev veiledning i personleg økonomi.

Andre aktuelle verkemiddel er bustønad og bruk av dei ulike låneordningane i Husbanken.

4.3.3 Utfordringar

Det har synt seg utfordrande for kommunen å etablere utleigebustader til personar med rusmiddelmissbruk/psykisk sjukdom. Erfaringane viser at det er lite gjennomtrekk i eksisterande bustadmasse og få av målgruppa er tildelt kommunal bustad i siste planperiode.

Det syner seg at mange husstandar og einskildpersonar har store gjeldsbyrder og uoversiktleg økonomi. Kommunen treng å styrke tenester med økonomisk råd og rettleiing. Ordna økonomi kan bidra til sikre bustadforholda og gi stabilitet i kvardagen.

Målgruppa har stort behov for koordinerte tenester frå helsetenesta og NAV. Ein kan nemne individuell plan (IP) som metode og verkemiddel. Retten til IP er lovfesta. Slik koordinering vil bidra til brukarmedverknad og at brukaren kan vere med å påverke si eiga bustadkarriere. Det er jamleg behov for felles opplæring for dei ulike tenesteytarane når det gjeld individuell plan og brukarmedverknad.

Å auke talet på kommunale utleigebustader vil bidra til at fleire vanskelegstilte kan få stabilitet i livet sitt. Å disponere bustad og ha pengar til mat og kle er basale menneskelege behov som må vere dekkja før brukaren kan ta fatt i sitt eige liv og opparbeide seg meistring og livskvalitet som igjen kan bidra til arbeid, inkludering og sosialisering.

4.4 Flyktningar

4.4.1 Beskriving av målgruppa

Kommunen har tidlegare busett flyktningar frå ulike kanter av verda både på 1980-90 og 2000-talet. Dei siste kom i 2006/2007 og er såleis "ferdigetablert".

4.4.2 Dagens tiltak

Det er ingen spesifikke tiltak retta mot flyktningar per i dag. Dei som har behov for det mottek tenester frå det ordinære tenesteapparatet.

4.4.3 Utfordringar

Dersom det kjem oppmoding frå sentrale styresmakter bør kommunen vurdere å busette nye flyktningar og einslege mindreårige flyktningar i planperioda. Hvis kommunestyret i så fall vedtek å ta i mot flyktningar/einslege mindreårige flyktningar bør det bli utarbeidd eigen handlingsplan for dette.

4.5 Fysisk funksjonshemma

4.5.1 Beskriving av målgruppa

Gruppa er tredelt:

- 1: Den første gruppa består av personar med fysisk funksjonshemming som bur for seg sjølv med eller utan oppfølging frå det kommunale hjelpeapparatet.
- 2: Den andre gruppa består av yngre brukarar som på grunn av si fysiske funksjonshemming treng eit høgare omsorgsnivå med heildøgnsbemanna bustader (ikkje sjukeheimsnivå).
- 3: Den tredje gruppa består av eldre som på grunn av si fysiske funksjonshemming ligg i mellomsjiktet mellom å bu heime og i institusjon, men som er for friske for sjukeheim.

4.5.2 Dagens tiltak

- 1: Bruk av heimetenester etter behov.
- 2: Det er benytta brukarstyrt personleg assistent til fleire slike brukarar i kommunen i tillegg til at dei mottek ulike tenester frå heimetenestene for å dekkje heile behovet. Alle får vedtak spesifisert i høve til tenesten dei mottek.
- 3: Fleire eldre leiger rom på sjukeheimen. Heimetenesten har ansvar for det faglege med enkeltvedtak. Dei får alle måltida sine frå sjukeheimen.

4.5.3 Utfordringar

- 1: Skodje kommune bør informere og oppfordre utbyggjarar til å sørge for ein auka andel universelt utforma bustader ved nybyggjingar. Ved nybyggjingar bør ein legge til rette for eit differensiert bustadtilbod.
- 2: Det ligg store kostnader til ordninga med brukarstyrt personleg assistent. Dette kan likevel vere ei god løysing for enkeltpersonar. Det er ønskeleg at brukar sjølv er arbeidsleiar, og kommunen må gjere ei individuell vurdering av om brukarstyrt personleg assistent er den mest hensiktsmessige måten å organisere tenesten på for kommunen. Det kan vere nyttig å samordne bustader for å gje eit meir samordna tenestetilbodet.
- 3: For å møte utfordringane ved samhandlingsreforma er det behov for å frigjere rom på sjukeheimen. Det er derfor behov for bustader med heildøgnsbemanning til dei som leiger på sjukeheimen i dag, men som har eit omsorgsnivå som er lavere enn sjukeheim.

4.6 Utviklingshemma

4.6.1 Beskriving av målgruppa

Personar med medfødt eller tidleg erverva skade, syndrom eller på anna vis er varig hemma i si utvikling og si evne til å tilpasse seg samfunnet. Gruppa vil trenge hjelp til dette gjennom heile livet i større eller mindre grad.

4.6.2 Dagens tiltak

Kommunen har i dag 26 bueiningar som er samlokalisert med 2-4 bueiningar i kvart hus. Dei fleste av desse har areal til personell, nokre har og fellesareal. I tillegg eig nokre bustaden sin sjølv og nokre bur hos foreldre.

4.6.3 Utfordringar

Bustadane er ikkje i tilstrekkeleg grad tilpassa målgruppa i Skodje kommune. Dette gjeld i høve til funksjonsnivået deira, med tanke på at dei vert eldre og meir hjelpetrengande. Bustadene er ikkje i tilstrekkeleg grad universelt utforma. Etterkvart vil brukarane ha behov for fleire og meir omfattande tenester. Det har også vist seg at behovet for tryggleik og tilsyn/omsorg strekk seg utover det som ein tidlegare tenkte var rett. Ein la større vekt på at den einskilde skulle ha rett på eit så sjølvstendig liv som muleg og det vart lagt til rette for dette. Målgruppa er ikkje ei einsarta gruppe, og det vil vere ulike behov her. Men i store trekk opplever vi at dei fleste søker inn

mot personalbaser, mot felleskapsløysingar og dei er i mindre grad opptatt av sjølvstendigheit som inneber at dei bur aleine. Einsemd og utryggheit er ei større utfordring enn tidlegare antatt. På grunn av dette er det for lite fellesareal og for lite personalareal i bustadene.


OPPSUMMERING KAP. 4

- *Følgjande grupper tatt med i planen: vanskelegstilt ungdom i etableringsfasa, sosialt og økonomisk vanskelegstilte, menneske med psykisk lidning og/eller rusmiddelmissbruk, flyktningar, fysisk funksjonshemma og utviklingshemma*
- *Ved å auke talet på kommunale utleigebustader kan ein bidra til at fleire vanskelegstilte kan få stabilitet i livet sitt*
- *Det er behov for nok informasjon om dei ulike mulegheitene som finnast for stønad og rettleiing*
- *Det er behov for eit godt koordinert tilbod til vanskelegstilte på tvers av organisatoriske grense og forvaltningsnivå*

5 STATUS OG DRØFTING AV ULIKE BEHOV

Bustadsosialt arbeid er ein kontinuerleg prosess som pågår i og på tvers av dei kommunale einingane i Skodje. Kommunen opplever rask auke i folketalet. Ein må sjå på behovet for bustader og korleis ein drifter desse. I kapittel 4 er det ei oversikt over ulike målgrupper og utfordringane deira.

5.1 Folketalsutvikling



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Framskrive folkemengde basert på middels vekst viser at kommunen vil oppleve ei auke frå 4100 innbyggjarar i 2011 til 6000 innbyggjarar i 2030. Dette er nær 1000 fleire innbyggjarar enn folketalsframskrivinga i forrige bustadsosiale handlingsplan viste for same periode (rullert for 2 år sidan). Berre i denne fireårige planperioda ser det ut til at folketalet vil auke til 4600. Folkeauken skaper utfordringar for kommunen når det gjeld tilrettelegging for auka busetnad i åra framover. Ein bør ta omsyn til dei ulike behova befolkningen har ved å legge til rette for eit differensiert bustadtilbod med både mindre og større bueiningar.

5.2 Oversikt over kommunale bustader i Skodje

Gnr. / Bnr.	Adresse	Vert disponert av	Tal på bueiningar	Tilrettelagt for rullestol.
27/95	Gamlevegen 2	Kommunal tildelingsnemnd	1	Ja
23/153	Niusvegen 42	Kommunal tildelingsnemnd	1	Nei
24/112	Nedreskodjevegen 27 A	NAV Storfjorden Skodje	1	Ja
24/112	Nedreskodjevegen 27 B	NAV Storfjorden Skodje	1	Ja
24/112	Nedreskodjevegen 27 C	NAV Storfjorden Skodje	1	Ja
24/3/8	Nedreskodjevegen 18	Den Norske Kyrkja	1	Nei
23/110	Ytreskodjevegen 62	Kommunal tildelingsnemnd	1	Nei
24/79	Nedreskodjevegen 14	Prestemarka bu- og dagtilbod	4	Ja
24/3/10	Nedreskodjevegen 15	Prestemarka bu- og dagtilbod	1	Ja
24/3/10	Nedreskodjevegen 17	Prestemarka bu- og dagtilbod	1	Ja
24/3/10	Nedreskodjevegen 19	Prestemarka bu- og dagtilbod	1	Ja
24/3/10	Nedreskodjevegen 21	Prestemarka bu- og dagtilbod	2	Ja
24/3/10	Nedreskodjevegen 23	Prestemarka bu- og dagtilbod	2	Ja
23/173	Niusvegen 17	Prestemarka bu- og dagtilbod	1	Ja
23/173	Niusvegen 19	Prestemarka bu- og dagtilbod	1	Ja
23/173	Niusvegen 21	Prestemarka bu- og dagtilbod	1	Ja
23/173	Niusvegen 23	Prestemarka bu- og dagtilbod	1	Ja
23/138	Niusvegen 20	Prestemarka bu- og dagtilbod	1	Ja
23/138	Niusvegen 22	Prestemarka bu- og dagtilbod	1	Ja
23/138	Niusvegen 24	Prestemarka bu- og dagtilbod	4	Ja
23/146	Ådalsbakken 6 A	Prestemarka bu- og dagtilbod	4 (bukollektiv)	Ja
23/146	Ådalsbakken 4	Kommunal tildelingsnemnd	6	Ja
23/168	Vangen 15 - 28	Kommunal tildelingsnemnd	14	Ja
23/168	Vangen 30	Kommunal tildelingsnemnd	1	Ja
23/168	Vangen 32	Kommunal tildelingsnemnd	1	Ja
23/168	Vangen 34	Kommunal tildelingsnemnd	1	Ja
23/168	Vangen 36	Kommunal tildelingsnemnd	1	Ja
23/168	Vangen 38	Kommunal tildelingsnemnd	1	Ja
23/168	Vangen 40	Kommunal tildelingsnemnd	1	Ja
TOTALT			58	

5.3 Den private bustadmarknaden

Husbygging i Skodje fordelt på område									
Årstal	Skodje sentrum	Valle Svorta	Stette	Engesetdal inkl. Fylling	Glomset	Brusdal	Utvik	Sum	
2004	20	5	3	0	2	0	0	30	
2005	18	3	7	2	0	0	0	30	
2006	26	4	12	1	0	0	2	45	
2007	40	2	2	0	0	0	0	44	
2008	25	0	1	0	1	0	0	27	
2009	26	2	14	3	2	0	1	48	
2010	22	8	4	0	0	0	0	34	
2011 (1. Halvår)	26	16	4	0	0	0	0	46	

Tabellen syner planlagt og godkjend utbygging i Skodje for perioden 2004 - første halvår 2011. I perioden er det godkjent totalt 304 bueiningar, og det syner at byggjeaktiviteten i kommunen er høg. Det vil den truleg fortsetje å vere i åra som kjem. Når byggjeaktiviteten er høg, bør kommunen leggje til rette for ei større økonomisk ramme når det gjeld startlån. Ved å ha ei større ramme til startlån vil fleire førstegongsetablererar, barnefamiliar, flyktingar og andre vanskelegstilte ha mulegheit til å komme seg inn på den private bustadmarknaden, og det bør kommunen legge til rette for. Ein foreslår derfor å auke innlånsramma for startlån fram mot 2014.

5.4 Utbyggingsområde

Ut ifrå folketalsauken og dei innmeldte behova (sjå 5.5) er det stort behov for fleire kommunale bustader i Skodje. Den kommunale bustadmassen skal som hovudregel byggjast i sentrum. Ved spesielle individuelle behov kan denne regelen unnvikast. Grunnen til at dei kommunale bustadene skal vere i sentrum, er for å ha ein nærheit til dei ulike tenesteytarane som skal gje eit eventuelt tilbod i bustadene, samt servicetilbod som butikk, lege, post.

Aktuelle område å byggje på er tomte der sjukeheimen ligg, området ved Vangen, området aust for Niusvegen, området ved Prestemarka og området ved den gamle barneskulen. Når ein bygg ut område for kommunale bustader er det svært viktig å lage gode og attraktive uteområde.

5.5 Behovet for dei ulike målgruppene i kommunen

5.5.1 Vanskelegstilt ungdom i etableringsfasen

Det er behov for leilegheter for vanskelegstilt ungdom i etableringsfasen. Dette er ungdom som ikkje får leige på den private marknaden og som har behov for oppfølging i bustaden i ulik grad. Dette skal ikkje vere eit permanent tilbod, men ei hjelp på vegen mot eigen bustad. Våren 2011 hadde kommunen behov for bustad til 4 personar, men dette talet vil variere frå år til år.

5.5.2 *Eldre og fysisk funksjonshemma*

5.5.2.1 *Det er behov for bustader i bukollektiv*

Det er behov for bustader for yngre brukarar under 65 år og eldre brukarar som opplever angst og er utrygge i heimen sin. Desse brukarane har ikkje medisinske behov og fysiske behov som tilseier at dei skal bu på sjukeheim, men dei treng ein bustad med heildøgns bemanning.

Å byggje eit bukollektiv vil ikkje gi store kostnader for kommunen, då byggekostnadene dekkast via husleige og ulike tilskotsordningar frå Husbanken.

For kommunen er det fleire argument for ei slik organisering av bustader for denne målgruppa. I dag vert det utført arbeid på fleire plassar med ulike arbeidsgrupper. Ved å samle brukarane på ein stad vil det vere ei arbeidsgruppe og ein får fleire å spele på i høve til fag og utvikling. Dette vil gje ein betra arbeidssituasjon for personalet, og kan gje betre kvalitet på tenestene som vert ytt. Det er også viktig når ein tenkjer rekruttering og mulegheit for auka stillingsstorleikar. For eininga vil det medføre meir forutsigbare lønsutgifter. For brukarane vil dette medføre ei betra og tryggare teneste.

Nokre av dei som er i denne målgruppa leiger i dag rom på sjukeheimen. Gruppa som arbeidar med å forberede samhandlingsreforma i Skodje kommune har gitt uttrykk for at det er behov for å frigjere kapasitet på sjukeheimen i høve til å ta imot utskrivingsklare pasientar og på sikt øyeblikkeleg hjelp. Dette er og eit viktig argument for å byggje eit bukollektiv.

Ved å byggje eit bukollektiv vil ein truleg dekkje behovet for plassar med heildøgnsbemanning for heile planperioda. Det er viktig å tenkje fleksibel bruk når ein planlegg bygget, slik at ein ikkje binder seg alt for mykje til kva bygget kan brukast til i framtida (viktig med lydisolerte rom osb.).

5.5.2.2 *Plassar i interkommunalt samarbeid*

For å gje eit godt nok tilbod til personar som har behov for forsterka oppfølging innanfor demensomsorgen, er det behov for å samarbeide med nærliggande kommuner om eit felles tilbod. Det er vanlegvis berre ein eller to personar i kvar kommune som har slik utfordring samtidig. For å utvikle god nok kompetanse på dette området, og for å kunne bygge på ein slik måte at ein kan ta i vare behova til desse personane, er det naudsynt å samarbeide interkommunalt. I løpet av planperioda bør kommunen gå i dialog med nærliggande kommuner om eit slikt tilbod.

5.5.3 *Utviklingshemma*

5.5.3.1 *Yngre utviklingshemma*

Skodje kommune har 10 vertskommunebrukarar. Det vil seie at når dei eldre brukarane vi har fell ifrå vert dei ikkje fullt ut erstatta av yngre brukarar. Vi vil truleg ikkje ha behov for å byggje nye bustader for å dekkje behovet for dei nye som kjem til. Det er likevel noko usikkerheit knytt til dette, i høve til når den naturlege avgangen vil vere og når behovet for dei som vil trenge bustad oppstår.

5.5.3.2 Eldre utviklingshemma

Når det gjeld eldre utviklingshemma med store omsorgsbehov, er denne gruppa aukande. Våren 2011 overtok Prestemarka bu- og dagtilbod, som ei mellombels løysing, fire rom og fellesareal på sjukeheimen, Ådalsbakken 6, for å imøtekome behova til denne gruppa. I kommunestyret sak 09/09 er det gjort vedtak om å starte planlegging av å gjere Prestemarka 2 tilrettelagt for eldre utviklingshemma. I løpet av hausten 2011 vil det bli lagt fram sak om dette til kommunestyret. I samband med dette vil vi og vurdere andre løysingar, som å gjere Ådalsbakken 6 om til ei permanent løysing, eller byggje ein ny bustad med plass til t.d. 6 eldre utviklingshemma med behov for eit høgare omsorgsnivå. Ved å eventuelt velje ei løysing der vi ikkje brukar dei bustadene Prestemarka disponerar per i dag, vil vi på sikt frigjere bustadene til andre målgruppe som har behov for bustad.

5.5.4 Personar med rusmiddelmissbruk og/eller psykisk sjukdom

Kommunen har behov for 10-12 bustader for menneske med rusmiddelmissbruk og eller samtidig psykisk sjukdom. Behovet har synt seg ganske stabilt over tid sjølv om brukarar gjerne flyttar mellom nærliggande kommunar. Mange i godt vaksen alder har enno tilhald hos foreldre og andre pårørande utan at det har lukkast dei å få bustad i den private marknaden.

I planperioda bør kommunen auke bustadmassa si slik at ein har mulegheit for å tildele bustader og oppfølging i tre trinn for denne målgruppa. Denne måten å arbeide på er innført med gode resultat i andre kommunar.

Trinn 1:

- Varighet: 3 månader med høve til å forlenge i 3 månader
- Tilbod om mellombels husvære for dei med mangelfull buevne
- Iverksetje strakstiltak og starte kartlegging
- Behov for tett oppfølging og personale knytt til tilbodet ut ifrå individuelle behov og enkeltvedtak
- Avklare og planfeste kortsiktige og langsiktige mål, behov og tilbod i trinn 2
- I periodar der personar i målgruppa ikkje har behov for bustaden(e), kan den (dei) nyttast som døgnbustad for andre

Trinn 2:

- Varighet: maks tre år
- Tilbod gitt uavhengig av om vedkomande bur i kommunal eller privat bustad
- I kommunal bustad må ein vurdere om krav til oppfølging må spesifiserast i leigeavtalen
- Avklare oppfølgingsbehov for å meistre det å bu og etablere tiltak for å optimalisere bu- og livssituasjonen gjennom perioden
- Mål: eit normalisert og inkluderande liv med aktivitetar ut frå behov og interesse
- Planfeste overgangen til trinn 3

Trinn 3:

- Varig bustad
- Etablert i kommunal eller privat bustad, leige eller kjøpe
- Omfanget på oppfølginga trappast gradvis ned ut i frå individuelle behov

Det er behov for bustader i alle tre husværetinna. Med auka tilflytting til kommunen vil også denne gruppa vere i prosentvis auke og dermed løyse ut bistandsbehov frå det kommunale hjelpeapparatet.

Brukarar som får tilbod om leige av husvære skal ha særavtale i tillegg til ordinær husleigekontrakt der det kjem tydeleg fram kva den kommunale tenesta skal innehelde og kva plikter leigetakaren har. Av kommunale tenester kan ein nemne bistand til å meistre dagleglivet sine gjeremål; som reinhald, klevask, matlaging og kosthald, sosialisering, samtale, økonomisk rettleiing, arbeidstrening og elles etter individuelle behov.

OPPSUMMERING KAP. 5

- *Kommunen opplever ei rask auke i folketalet*
- *Kommunen disponerar per i dag 58 bueiningar*
- *Den kommunale bustadmassen skal som hovudregel byggjast i sentrum*
- *Kommunen bør innføre ein tretrinnsmodell for tildeling og oppfølging i bustad*
- *Det er behov for bustader for vanskelegstilt ungdom i etableringsfasa, menneske med psykisk sjukdom og/eller rusmiddelmissbruk og fysisk funksjonshemma*

6 TEMAPLANEN SITT INNSPEL TIL BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Satsingsområde:

Kommunen tilbyr kvalitativt gode individuelle tenester ut i frå behov og eit forsvarleg fagleg nivå.

Verkemiddel	Driftsmessige konsekvensar	Konsekvensar for investering	Verkemiddel innanfor ordinær driftsramme
Arbeid på systemnivå for å få eit betre koordinert tilbod på tvers av organisatoriske grense og forvaltningsnivå. Mellom anna: <ul style="list-style-type: none"> - Utvikle tverrfagleg samarbeid mellom NAV, psykiatritenesta og frisklivssentralen - Utvikle tverrfagleg samarbeid mellom psykiatritenesta og heimebasert omsorg - Gjennomgå og klargjere kriterie for tildeling av bustader til vanskelegstilte – inkludert butid og spesielle kontrakter - Opplæring i brukarmedverknad for dei ulike tenesteytarane 			X
Utvikle tretrinnsmodell for tildeling og oppfølging i bustad	Vil gje behov for ei auka ramme for NAV Storfjorden frå 2013/2014		X
Utvikle prosjektstillinga for rusomsorg i kommunen til ei permanent ordning	Som over		X
Auke bruken av individuell plan og ansvarsgruppe for personar med behov for samansette og koordinerte tenester			X
Gå i dialog med nærliggande kommuner om eit butilbod med heildøgns bemanning til menneske med utagerande atferd knytt til demens.	X	X	

Satsingsområde:

For å gjere den einssilde meir økonomisk sjølvstendig, tilbyr kommunen god økonomisk rådgjeving til dei som har behov for det.

Verkemiddel	Driftsmessige konsekvensar	Konsekvensar for investering	Verkemiddel innanfor ordinær driftsramme
Utvikle den nyoppretta stillinga når det gjeld barnefattigdom i NAV Storfjorden til mellom anna å gje rådgjeving til vanskelegstilte barnefamiliar	Dersom dette skal bli ei permanent ordning		X
Tett oppfølging og betre rutinar for å unngå opparbeiding av t.d. husleigegjeld			X

Satsingsområde:

Kommunen legg til rette for at flest muleg vanskelegstilte kan eige sin eigen bustad.

Verkemiddel	Driftsmessige konsekvensar	Konsekvensar for investering	Verkemiddel innanfor ordinær driftsramme
Auke innlånsramma til startlån slik: 2012: 3 500 000, 2013: 4 500 000, 2014: 6 000 000			X
Tomter, samarbeid med private utbyggjarar både i høve til kva bustader det er behov for, universell utforming og gode uteområde, lån, tilskot, økonomisk rådgjeving, butrening, ADL-trening (trening på dagleglivet sine oppgåver), arbeids- og utdanningstilbod, fritidstilbod og ettervern			X

Satsingsområde:

Kommunen gjev god nok og rett informasjon når det gjeld bustadsosialt arbeid.

Verkemiddel	Driftsmessige konsekvensar	Konsekvensar for investering	Verkemiddel innanfor ordinær driftsramme
Informasjon på heimesidene om butilbod og kriterie for bustadtildeling			X
Sørge for relevant og nok informasjon om Husbanken sine verkemiddel til brukarar og internt i organisasjonen			X
Informasjon om og oppfordring til utbyggjarar om å byggje fleire universelt utforma bustader ved nybyggingar			X

Søkje statlege prosjekt- og tilskottmidlar for å støtte oppunder det bustadsosiale arbeidet ved behov			X
---	--	--	---

Satsingsområde:

Kommunen møter bustadbehova til dei vanskelegstilte ved å endre bustadmassen sin.

Verkemiddel	Driftsmessige konsekvensar	Konsekvensar for investering	Verkemiddel innanfor ordinær driftsramme
Å byggje eit bukollektiv med 6 bueiningar/plassar som i første omgang skal disponerast av heimetenestene.	Sjå 5.5.2.1	7 millionar	
Å byggje 4-6 nye omsorgsbustader med universell utforming.		6-9 millionar	
Å disponere omsorgsbustader med oppfølging til bruk for personar med rusmiddelmissbruk og/eller psykisk sjukdom	Sjå 5.5.4		X
Å byggje/kjøpe 2 treningsleiligheter for vanskelegstilte ungdom i etableringsfasen		3 millionar	
Å gjere ei vurdering av korleis butilbodet for eldre utviklingshemma skal vere		Avhengig av kva løysing ein vel kan dette gje konsekvensar	

KJELDER

- Biletet på framsida er henta frå www.husbanken.no
- Grønningsæter, Arne Backer og Roy A. Nilsen (2011). *Bolig helse og sosial ulikhet*. Helsedirektoratet
- Husbanken: www.husbanken.no
- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester (trer i kraft 1.1.12)
- Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga.
- Lov om folkehelsearbeid (trer i kraft frå 1.1.12)
- Statistisk sentralbyrå: www.ssb.no
- St.meld. 23 2003-2004. *Om boligpolitikken*. Kommunal og regionaldepartementet